



NOREGS HØGSTERETT

Den 13. februar 2020 vart det av Høgsteretts ankeutval med dommarane Bergsjø, Høgetveit Berg og Steinsvik i

HR-2020-375-U, (sak nr. 20-009474STR-HRET), straffesak, anke over dom:

Påtalemakta

mot

A (advokat Svein-Olav Bøen)

sagt slik

D O M :

- (1) Saka gjeld anke over lagmannsrettens fastsetjing av samfunnsstraff.
- (2) A, fødd 00.00.1985, vart 14. juni 2019 sikta for kjøring i ruspåverka tilstand og plaging av offentleg tenestemann.
- (3) Sør-Gudbrandsdal tingrett sa 2. juli 2019 tilståingsdom med slik domsslutning:
 - «1. A, født 00.00.1985, dømmes for overtredelse av vegtrafikkloven § 31 første ledd, jf. annet ledd, jf. tredje ledd, jf. fjerde ledd, jf. § 22 første ledd og straffeloven § 156 annet ledd til fengsel i 21 – tjueen – dager.
 2. A, født 00.00.1985, dømmes til en bot på 10 000 – titusen – kroner, subsidiært fengsel i 15 – femten dager.
 3. A, født 00.00.1985, taper retten til å føre førerkortpliktig motorvogn for en periode på 2 – to – år og 4 – fire – måneder, jf. vegtrafikkloven § 33 nr. 1 jf. forskrift om tap av retten til å føre motorvogn § 3-2 nr. 2. Ved eventuelt gjenerverv av førerretten må hun avlegge full ny førerprøve, jf. forskrift om tap av retten til å føre motorvogn § 3-2 siste ledd.»
- (4) A anka tingrettens dom til Eidsivating lagmannsrett. Anken gjaldt straffutmålinga.
- (5) Eidsivating lagmannsrett sa 26. november 2019 dom med slik domsslutning:

«I tingrettens dom, domsslutningen punkt 1, endres straffen til samfunnsstraff i 21 – tjueen – timer med en gjennomføringstid på 60 – seksti – dager, subsidiært fengsel i 21 – tjueen – dager.»
- (6) *Påtalemyndigheten* har anka lagmannsrettens dom. Anken gjeld rettsbruken under straffutmålinga. Det er vist til at lagmannsretten har utmålt samfunnsstraff med 21 timar. Det

følgjer av straffelova § 49 fyrste ledd bokstav a at minstestrafva ved samfunnsstraff er 30 timar. Lagmannsrettens dom må opphevast. Det er tilstrekkeleg at opphevinga gjeld dommen, ikkje også ankeforhandlinga.

- (7) Forsvararen har ikkje hatt særlege merknader til anken eller til at berre dommen og ikkje ankeforhandlinga blir oppheva.
- (8) *Høgsteretts ankeutval* viser til at ankeutvalet kan oppheve lagmannsrettens dom utan ankeforhandling når ankeutvalet samrøystes finn det klart at dommen heilt eller delvis bør opphevast, jf. straffeprosesslova § 323 tredje ledd bokstav a.
- (9) Straffelova § 49 fyrste ledd bokstav a bestemmer at det i dom på samfunnsstraff kan fastsetjast ei samfunnsstraff frå 30 til 420 timar.
- (10) Lagmannsretten har i saka her utmålt samfunnsstraff med 21 timar – og oversett minstestrafva på 30 timar i straffeloven § 49. Lagmannsrettens dom må opphevast.
- (11) Påtalemakta har føreslege at berre dommen blir oppheva, og ikkje også ankeforhandlinga. Forsvararen har ikkje hatt innvendingar mot dette. Ankeutvalet finn at dette er ei tenleg løysing.
- (12) Dommen er samrøystes.

S L U T N I N G

Lagmannsrettens dom blir oppheva.

Borgar Høgetveit Berg
(sign.)

Per Erik Bergsjø
(sign.)

Kine Steinsvik
(sign.)